

# BACHELOROPPGÅVE

## Ungdom og rus

Kva risikofaktorar kan føre til at ungdom eksperimenterer med narkotika, og korleis kan fritidsklubbar vere ein arena for førebyggjande arbeid?

av  
Hilde Haugse  
Kand.nr. 5

Bachelor i vernepleie  
BSV5-300 Bacheloroppgåve

November 2014

# Innholdsforteiknelse

<b>1.0 INNLEIING</b> .....	<b>1</b>
1.1 AVGRENSING.....	2
<b>2.0 METODE</b> .....	<b>3</b>
2.1 KJELDEKRITIKK.....	3
<b>3.0 RISIKO OG FØREBYGGING</b> .....	<b>4</b>
3.1 RISIKOFAKTORAR.....	5
3.1.1 <i>Personlege risikofaktorar</i> .....	5
3.1.2 <i>Mellompersonlege risikofaktorar</i> .....	6
3.1.3 <i>Strukturelle risikofaktorar</i> .....	6
3.2 FØREBYGGJANDE ARBEID.....	7
3.2.1 <i>Fritidsklubb</i> .....	7
3.2.2 <i>Rusførebyggjande tiltak</i> .....	8
3.2.3 <i>Aktivitetar</i> .....	9
3.2.4 <i>Utfordringar</i> .....	9
<b>4.0 DISKUSJON</b> .....	<b>10</b>
4.1 UNGDOM I RISIKOSONA – KVEN ER DEI?.....	10
4.1.1 <i>Eigenskapar ved faktorane</i> .....	10
4.1.2 <i>Mangelfull tilknytning</i> .....	11
4.2 KORLEIS KAN FRITIDSKLUBBAR VERE EIN ARENA FOR FØREBYGGJANDE ARBEID?.....	13
4.2.1 <i>Identifisering av risikofaktorar og tidleg intervensjon</i> .....	13
4.2.2 <i>Styrkje beskyttelsesfaktorar</i> .....	14
4.2.3 <i>Haldningsskapande arbeid</i> .....	16
4.2.4 <i>Utfordringar og moglegheiter</i> .....	17
<b>5.0 AVSLUTNING</b> .....	<b>17</b>
<b>6.0 LITTERATURLISTE</b> .....	<b>19</b>

## 1.0 Innleiing

I dagens samfunn kan det å vere ung og i utvikling vere krevjande. Ei av utfordringane ungdom står ovanfor er korleis ein skal forholde seg til rusmiddel (Rossow & Klepp, 2009). Statens institutt for rusmiddelforskning (SIRUS, 2008) sin statistikk frå 2008 visar at av 2,675 respondentar i alderen 15 – 20 år, hadde 10,5% prøvd cannabis, 5,1% ”sniffa” og 2,2% prøvd amfetamin og liknande stoff. Narkotika kan bli oppfatta som ein attraktiv måte å markere tilhøyrse på i det vaksne samfunnet, eller i ei sosial tilstelling med andre ungdom (Rossow & Klepp, 2009). For fleirtalet vil eksperimentering med ulovlege stoffer høyre til ein utforskande periode som går over, men for nokon kan det vere starten på eit liv som rusmiddelavhengig. Rossow og Klepp (2009) skriv at unge er meir sårbare enn vaksne i forhold til dei negative konsekvensane rusmiddelbruk kan føre til. Det er difor naudsynt å førebyggje rusmiddelbruk på eit tidleg stadium. Hensikta med oppgåva er å få kunnskap om risikofaktorar som kan auke sjansen for at ungdom eksperimenterer med rusmiddel, og korleis fritidsklubbar kan vere ein arena for rusførebygging.

Val av tema baserer seg på mi interesse for fagfeltet, og som vernepleiar kan eit av arbeidsområda vere ungdom og rus. Temaet vil også vere aktuelt så lenge ein har rusproblematikk knytt til ungdom. Kunnskap om risikofaktorar kan bidra til tidleg identifisering av rusproblem, og kan belyse kven som er i risikosona for eksperimentering med rusmiddel. Vidare kan kunnskap om fritidsklubbar vere relevant då ein kan møte ungdom der, uavhengig av bakgrunn og status. Ein kan dermed arbeide førebyggjande på eit universelt-, selektivt- og indikativt nivå.

I oppgåva vil eg gjere greie for risikofaktorar som kan føre til eksperimentering med rusmiddel. Deretter vil eg gjere greie førebygging med fritidsklubbar som utgangspunkt. I diskusjonen vil eg drøfte kva som bidrar til at ein faktor er assosiert med risiko, og om mangelfull tilknytning i barndommen kan forklare kvifor nokon er meir utsett for påverknad frå risikofaktorar. Deretter vil eg drøfte korleis fritidsklubbar kan vere ein arena for rusførebygging, med fokus på å identifisere risikofaktorar og tidleg intervensjon, styrkje beskyttelsesfaktorar og haldningsskapande arbeid. Problemstillinga er fylgjande:

*Kva risikofaktorar kan føre til at ungdom eksperimenterer med narkotika, og korleis kan fritidsklubbar vere ein arena for førebyggjande arbeid?*

## 1.1 Avgrensing

Ungdom og rusmiddel knytt til risikofaktorar og førebyggjande arbeid er eit vidt tema, og gjev mange treff i ulike databasar. For å tydeleggjere oppgåva og problemstillinga er det naudsynt å avgrense sentrale omgrep. Rusmiddel blir avgrensa til å gjelde narkotiske stoffer, til dømes cannabis eller ecstasy. Sentrale kjelder angår hovudsakleg ungdom frå 11 – 20 år, og oppgåva vil difor omhandle denne aldersgruppa. Avgrensinga vil også vere naturleg, då det ofte er i ungdomstida ein blir presentert for rusmiddel for fyrste gong. Det er ulike måtar å klassifisere førebygging på, og eg vel å bruke universell-, selektiv- og indikativ førebygging, då den ofte er nytta i fagfeltet kring rusmiddel. Målgruppa er ungdom som er i risikosona for eksperimentering eller som har debutert med rusmiddel, men ikkje i den grad det kan reknast som misbruk eller avhengigheit. Fylgjande omgrep er sentrale i oppgåva, og blir difor presentert innleiingsvis.

*Narkotika*, eit omgrep for ulike stoff som kan føre til narkosis – ”djup søvn”, felles for stoffa er at dei gjev kjensle av rus og avhengigheit (Waal, 2014).

*Rus*, ein tilstand som inneberer endra bevisstheit og fysisk tilstand. Dette kan føre til heva stemmeleie, nedsett dømmekraft, kritikkløse, svikt i konsentrasjon og hukommelse (Mørland, 2014).

*Rusmiddelførebyggjande arbeid*, å hindre at rusmiddelproblem oppstår og utviklar seg, eventuelt redusere sosiale- og helsemessige skader ved rusmiddelbruk. Handlar om å redusere tilgjengelegheita og etterspørselen av rusmidla (Helsedirektoratet, 2011).

*Fritidsklubb*, ein stad der større barn og ungdom kan opphalde seg på fritida med ulike aktivitetar og underhaldning. Det er ein vaksen leiar der, men mykje av ansvaret er hjå ungdommen sjølv (Store norske leksikon, 2005 – 2007).

*Risikofaktor*, ulike faktorar hjå individet eller i oppvekstmiljøet som kan bidra til auka sjanse for negativ psykososial utvikling (Nordahl, Gravrok, Knudsmoen, Larsen og Rørnes, referert i Helsedirektoratet, 2010).

*Beskyttelsefaktor*, ulike faktorar hjå individet eller i oppvekstmiljøet som kan redusera sjansen for framtidig negativ psykososial utvikling (Nordahl et al., referert i Helsedirektoratet, 2010).

## 2.0 Metode

Ein metode kan i fylgje Aubert (1985) bli definert som ein framgangsmåte for å løyse eit problem, og få tilgang til ny kunnskap. Eg har valt kvalitativ litteraturstudie som metode. Kvalitativ metode kan bidra til å auke forståinga for eit fagfelt, då ein undersøker ulike fenomen på nært hald. Ein kan såleis få tilgang til det som er særskild, samstundes som ein får ei heilheitleg forståing av fenomenet (Dalland, 2012). Då hensikta med oppgåva er å bli kjent med eit utvalt fagfelt, vurderer eg det som passande å velje kvalitativ litteraturstudie. Søk i ulike databasar har også vist at det eksisterer relevant litteratur som eg kan nytte i oppgåva.

I ein litteraturstudie er det litteraturen som er kjelda, og hensikta er å samle inn eksisterande data som er relevant for problemstillinga. Ein systemiserer kunnskapen ved å søkje etter data, samle den inn, vurdere den kritisk og deretter skrive samandrag av funna (Støren, 2010). Fordelar med litteraturstudie er at ein får forholdsvis lett tilgang til data som er relevant for oppgåva. Då metodar som intervju og observasjon kan vere tidkrevjande, vil litteraturstudie kun vere avhengig av relevant teori, og forskaren si evne til å gjennomføre metodiske søk. Ulemper med litteraturstudie er at det kan vere krevjande dersom omfanget av treffet er stort, då ein vil bruke mykje tid på å velje ut relevante kjelder. Teksten kan også bli einsformig, då ein til dømes ikkje har eigne observasjonar å knyte til teorien. Ved val av metode er det difor viktig å velje den som speglar problemstillinga best, og som er hensiktsmessig i forhold til rammene for oppgåva.

## 2.1 Kjeldekritikk

Når ein vel ut data til oppgåva er det sentralt å vise at ein er kritisk til kjeldene ein nyttar. Ved innhenting av data er det i fylgje Dalland (2012) to grunnleggande krav som må oppfyllest, data må vere relevant for problemstillinga og vere frå ei pålitelig kjelde. For å kontrollere at kjelda oppfyller dei nemnte krava har eg sett på forfattar, dato for publisering, kva type tekst det er, og om innhaldet er relevant for mi problemstilling. Ved innhenting av data har eg nytta søkjemotorane Academic Search Premier, Oria og Google, avhengig av kva hensikta for søket var. For å få tilgang til utanlandske artiklar har eg nytta emneord på norsk og engelsk.

For å finne vitenskaplege artiklar har eg nytta søkjemotoren Academic Search Premier og emneorda youth\*, drug\*, narcotic\*, prevent\*, riskfactor\*, (drug abuse) og (substance misuse). For å avgrense søket kryssa eg av på ”Scholarly (Peer Reviewed) Journals” og tidsrommet 2004 – 2014. Søka blei då sentrert rundt artiklar der innhaldet er vitenskapleg, og vurdert av ein kollega. Det resulterte i ein forskingsartikkel. For å finne teori og forskning om ungdom,

rusmiddel, fritidsklubb og tilknytningsteori nytta eg søkjemotoren Oria. Sentrale emneord var rus\*, statistikk\*, Norge\*, ung\*, ungdomsklubb\*, fritidsklubb\*, predictive\*, factor\*, illicit\*, drug\*, young\* og utviklingspsykologi\*. Søket blei avgrensa til tidsrommet 2000 – 2014. Teori blei avgrensa til ”bøker”, medan forskingsartiklar blei avgrensa til ”fagfelleverdert tidsskrift”. Søket resulterte i fleire relevante kjelder, men å finne forskning knytt til fritidsklubbar var utfordrande. I eit nytt søk fjerna eg kriteriet ”fagfelleverdert tidsskrift”, og søket resulterte i ulike kjelder som kunne belyse problemstillinga. Eg har vurdert kvar kjelde som ikkje er fagfelleverdert ut frå dato, relevans for oppgåva og i kva grad forfatternen utøvar god kjeldekritikk. Basert på dette har eg vurdert det som forsvarleg å nytte kjeldene i oppgåva. Søka i Oria resulterte i ei nettside, eit hefte, to masteroppgåver, ein rapport, ein forskingsartikkel og tre fagbøker. Søkjemotoren Google blei nytta for å få tilgang til ulike nettsider. Den blei også nytta då eg blei kjent med artiklar som eg ville bruke, men som ikkje var tilgjengeleg i skulen sine søkjemotorar. Søka i Google har resultert i fem nettsider og ein forskingsartikkel. For å vurdere om nettsidene var pålitelege såg eg på kven som administrerer sida, publiseringsdato og forfattar. Andre kjelder i oppgåva har eg blitt kjent med gjennom data eg allereie nyttar, eller gjennom tips frå andre studentar. I fylgjande avsnitt vil eg presentere sentrale kjelder i oppgåva.

Data om risikofaktorar er hovudsakleg henta frå forskingsrapporten *Predictive factors for illicit drug use among young people: a literature review* av Frisher, Crome, Macleod, Bloor og Hickman (2007). For å belyse utvalte risikofaktorar har eg nytta forskingsartiklane *Identifying drug risk perceptions in Danish youths: Ranking exercises in focus groups* av Demant og Ravn (2010), og *Når ”alle” doper seg: Feilaktige forestillinger om narkotikabruk blant ungdom* av Fækjer og Pape (2004). Data om fritidsklubbar er hovudsakleg henta frå masteroppgåva *Fritidsklubbenes rusforebyggende arbeid* av Almås (2011), fagboka *Ungdomsarbeideren: om kultur og metode i fritidsklubber* av Jacobsen (2000), og *Klubbundersøkelen 2008* av Almås for Ungdom & Fritid (2009).

### **3.0 Risiko og førebygging**

I denne delen av oppgåva vil eg gjere greie for data som er relevant for problemstillinga. Data blir presentert fortløpande og sakleg utan studenten si vurdering, slik at lesaren kan danne seg ei meining om materialet (Dalland, 2012).

## 3.1 Risikofaktorar

Store delar av befolkninga kan i løpet av livet bli utsatt for risikofaktorar knytt til rusmiddel. I kva grad unge blir påverka av faktorane, avhenger av fleire forhold. Dette blir vurdert ut frå den samla belastninga rundt ungdommen, og kva beskyttelsefaktorar som er tilstades (Helsedirektoratet, 2010). Det er nødvendig å presisere at fylgjande faktorar kun gjev ein indikasjon på kven som kan vere i risikosona for eksperimentering med rusmiddel.

### 3.1.1 Personlege risikofaktorar

Kjenneteikn ved personlege risikofaktorar er at dei angår individet direkte. Frisher et al. (2007) klassifiserer personlege faktorar i to kategoriar, biologiske og psykologiske, samt oppførsel og haldningar. Biologiske og psykologiske risikofaktorar kan vere genettikk, mannleg kjønn, låg sjølvkjensle, hedonisme og tidlegare hendingar i livet som emosjonelt misbruk eller vald (Frisher et al., 2007). Risikofaktorar knytt til oppførsel og haldningar kan vere anti-sosial oppførsel, aggressivitet, opprørskheit, tidlegare lovbrøt, utfordrande forhold til skulen, tidleg debut med røyk og alkohol, positiv haldning til rusmiddel og erfaring med rusmiddel (Frisher et al., 2007). Ungdom si haldning til rusmiddel kan vere ein sentral faktor. Positive haldningar til narkotika kan utløyse andre risikofaktorar, som tidleg debut og såleis erfaring med rusmiddel.

Demant & Ravn (2010) undersøkte ei gruppe ungdommar sine haldningar om bruk av rusmiddel. Dei identifiserte fem faktorar som avgjorde om ulike rusmiddel blei assosiert med risiko. Faktorane baserer seg på deltakarane sine ytringar. Dei bør difor sjåast på som personlege, og som eit uttrykk for deira haldningar og kunnskap om emnet. Den fyrste faktoren bestod av i kva grad rusmiddelet kunne assosierast med å vere naturleg og reint. Den andre faktoren bestod av korleis rusmiddelet blei tatt, anten ved inhalasjon, piller, sniffing eller injeksjon. Den tredje faktoren bestod av i kva grad ein kunne bli avhengig av det eksakte rusmiddelet. Den fjerde faktoren bestod av i kva grad rusmiddelet kunne føre til dødelegheit. Den femte og siste faktoren bestod av i kva grad rusmiddelet påverkar kvardagslivet (Demant & Ravn, 2010). Undersøkinga viste at cannabis, psilocybinsopp og kokain blei assosiert med liten risiko, og kunne bli nytta utan at det påverka kvardagslivet i stor grad. Ecstasy og rusmiddel som blei injisert blei derimot assosiert med avhengigheit og dødelegheit. Deltakarane gav inntrykk for at narkotika var legitimt så lenge rusmiddelet var naturleg, ikkje påverka kvardagslivet, samt at det var liten risiko for avhengigheit eller dødelegheit (Demant & Ravn, 2010). Funna kan ikkje bli generalisert til å gjelde all ungdom, men bidrar likevel med relevant kunnskap. Haldningar om at visse rusmiddel er assosiert med liten risiko, kan

indikere at det går føre seg ein normalisering rundt det å bruke rusmiddelet (Demant & Ravn, 2010). Dette tyder på at haldningsskapande tiltak vil vere sentralt i det rusførebyggjande arbeidet.

### 3.1.2 Mellompersonlege risikofaktorar

Mellompersonlege risikofaktorar omhandlar forhold knytt til familie og vener. Risikofaktorar knytt til familie kan vere eit mangelfult eller konfliktfylt forhold, manglande oppdraging i barndommen, sysken i same alder, unge foreldre, foreldre som er sterkt kontrollerande, eller å vere skilsmissebarn. Risikofaktorar knytt til vener kan vere eit lavt fungerande sosialt nettverk, vener som er i trøbbel eller som brukar rusmiddel (Frisher et al., 2007). Ungdomsåra kan for mange vere ei sårbar tid der ein opplever krav og forventingar frå ulike hald, og som ikkje nødvendigvis samsvarar med kvarandre. Vener sine forventingar og meiningar kan i nokon tilfelle bety meir enn foreldra sine, då det å høyre til i ein vennegjeng kan bety mykje når ein er ung. Fækjer & Pape (2004) har drøfta i kva grad fenomenet *den store fleirtalsmisforståinga* kan føre til at ungdom prøvar narkotika. Fenomenet handlar om at enkelte trur andre nyttar rusmiddel i større grad enn kva som er reelt, og det kan føre til misforståingar og eit fiktivt press (Fækjer & Pape, 2004). Undersøkinga viste at deltakarane overvurderte andre sin bruk av narkotika. Mishøve mellom den enkelte og andre sitt forbruk var større ved tyngre rusmiddel som ecstasy og amfetamin, enn hasj. Vurderinga var meir feilaktig dess lenger geografisk avstand det var til vedkommande ein vurderte (Fækjer & Pape, 2004). Funna viste at dei som sjølv brukte narkotika, trudde i større grad at andre også gjorde det. Det kan tyde på at unge samanliknar andre sin bruk med seg sjølv som utgangspunkt, og det kan skape ei falsk oppfatning av kva som er reelt (Fækjer & Pape, 2004). Fenomenet *den store fleirtalsmisforståinga* kan vere ein vesentleg risikofaktor. Dersom ungdom trur at andre nyttar rusmiddel i større grad enn kva som er reelt, kan det skape eit fiktivt gruppepress.

### 3.1.3 Strukturelle risikofaktorar

Strukturelle risikofaktorar angår forhold i samfunnet som kan påverke ungdommen. Frisher et al. (2007) klassifiserer strukturelle faktorar i to kategoriar, økonomi og miljø. Risikofaktorar knytt til økonomi kan vere samfunnsøkonomiske forhold, til dømes fattigdom. Det er likevel få forskingsprosjekt som bekreftar dette, og faktoren kan difor vere svakare enn dei andre (Frisher et al., 2007). I miljøet kan manglande aktivitetstilbod til ungdom, dårleg miljø i nabolaget, lett tilgjengelegheit på rusmiddel, samt skulen og deira administrasjon, vere risikofaktorar. Faktorar i miljøet er ofte utanfor ungdom sin kontroll, og det kan vere



utfordrande å unngå at dei blir eksponert for desse. Eit godt miljø og aktivitetstilbod kan bidra til at unge har ein trygg stad å opphalde seg på fritida. Tilbodet om organiserte aktivitetar er ofte knytt til prestasjonar og ferdigheiter, til dømes i idrett. Ei utfordring kan vere at unge ikkje interesserer seg for tilbodet, eller har opplevd at dei ikkje meistrar det, og ynskjer difor å slutte. Eit mangelfullt aktivitetstilbod kan føre til at ungdom oppsøker andre stadar, til dømes sentrum, som ikkje nødvendigvis er ein trygg stad. Nemnde faktorar visar at unge i risikosona ofte har eit problematisk forhold til heim og skule. Det kan indikere at ein opphaldsstad som verken fokuserer på krav, prestasjonar eller ferdigheiter, kan vere ideelt som rusførebygging. I neste del vil eg presentere data knytt til førebygging, med fokus på fritidsklubben si rolle.

## 3.2 Førebyggjande arbeid

Hensikta med rusførebyggjande arbeid er å redusere sosiale- og helsemessige skadar (Helsedirektoratet, 2011). Førebygging går føre seg på tre nivå, avhengig av målgruppa og om problemet har oppstått eller ikkje. Universelle tiltak angår alle menneske i ein populasjon uavhengig av risikofaktorar. Selektive tiltak angår ei gruppe menneske som erfaringsmessig har auka risiko for å utvikle eit rusproblem. Indikative tiltak angår enkeltindivid der ein har observert risikofaktorar eller rusproblem (Helsedirektoratet, 2010). I forhold til ungdom i risikosona vil førebygging på selektivt- og indikativt nivå vere aktuelt. Sentrale oppgåver er å identifisere risikofaktorar og tidleg intervensjon, styrkje beskyttelsesfaktorar og haldningsskapande arbeid. Det interessante med fritidsklubbar er at ein kan nå ut til store delar av ungdommen uavhengig av bakgrunn. Ein kan her arbeide førebyggjande på både universelt-, selektivt- og indikativt nivå.

### 3.2.1 Fritidsklubb

Fritidsklubbar har som føremål å tilby unge ein rusfri stad, der ein kan opphalde seg på fritida og møte andre på same alder. Målgruppa omfamnar alle ungdommar uansett bakgrunn. Hovudfokuset er likevel å nå ut til dei som ikkje ynskjer å delta i idrett eller liknande aktivitetar, eller som har falle utanfor på andre arenaer (Hammerø, 2011). Som ungdom kan ein oppleve å ha krav til prestasjonar i heimen, på skulen eller på trening, som over tid kan vere stressande om ein ikkje meistrar det. Jacobsen (2000) skriv at fleire av ungdom over 12 år gradvis sluttar med organiserte fritidsaktivitetar, og det kan vere to årsaker til dette. Krava til prestasjonar aukar med alderen og ein føler ikkje ein meistrar det, og aktiviteten krev meir ressursar enn ein ynskjer å yte. Det kan ha samanheng med utviklinga ein gjennomgår som ungdom, der ein fokuserer meir på eigen identitet og vere uavhengig av vaksne (Jacobsen, 2000). Når ein ikkje deltek i eit organisert fritidstilbod kan alternativet bli aktivitetar av

mindre positiv grad. Ungdom oppheld seg då gjerne i sentrum på kveldstid, som kan vere ein stad for eksperimentering med rusmiddel. Fritidsklubben skal vere eit alternativ til dette. Det skal vere ein trygg base i ei utfordrande ungdomstid, og eit alternativ til miljøet ein finner på gata (Øia & Fauske, 2010, s. 203).

Hovudpoenget med fritidsklubbar er at deltakinga er frivillig, og skal ikkje vere knytt til prestasjonar og organisert læring. Fritidsklubben skal som nemnt vere ein stad for alle, men spesielt for unge som av ulike årsakar er utsatt for risikofaktorar i større grad. Lie (2009) skriv at ungdom i høgrisikosona ofte er stempla som vanskelege og umotiverte, og har allereie før ungdomstida startar ein forhistorie med problem. Å bli oppfatta som vanskeleg og mislukka vil opplevast som svært øydeleggande for ungdommen sitt sjølvbilete (Lie, 2009). Ved å fjerne fokuset frå forhistorie, ferdigheiter og prestasjonar, kan terskelen for å oppsøkje fritidsklubbar bli lågare. Det kan vere ein moglegheit til å starte med blanke ark og skape ei ny sosial rolle, uavhengig av merkelappar som ”skuletapar” eller ”urokråka” (Hammerø, 2011).

### 3.2.2 Rusførebyggjande tiltak

I Noreg er ”Ungdom & Fritid” hovudorganisasjonen for fritidsklubbar. Dette er ein demokratisk organisasjon for brukarar, tilsette og frivillige i kommunale- og kommunalt støttande fritidsklubbar, og har over 600 klubbar som medlem (Ungdom og Fritid, s.a.). Eit av arbeidsområde til organisasjonen er haldningsskapande arbeid blant barn og unge, til dømes tiltak mot rusmiddel. Forskingfeltet kring fritidsklubbar og tiltak er begrensa, og eg vel difor å gjere greie for funna som Hammerø (2011) presenterer i si forskning. Ho utarbeida ei spørjeundersøking for å avdekkje kva type haldningsskapande tiltak i forhold til rusmiddel som blei nytta. Det var 358 respondentar og resultata viste fylgjande: individuelle samtalar 30%, temadag 17%, tatt opp som tema i klubbstyret 15%, nytta eksterne ekspertar for å belyse temaet 8%, hatt aksjon eller stått på stand 5%, danna ei gruppe 2%, og andre tiltak som ikkje var eit alternativ 13% (Hammerø, 2011, s. 60). Av nemnte tiltak vel eg å gjere greie for dei to mest populære, då dei kan vere førebyggjande på ulike nivå.

Individuelle samtalar mellom tilsette og ungdom i klubben kan vere eit selektivt- eller indikativt tiltak, avhengig av antall deltakarar. Sentrale oppgåver i rusførebyggjande arbeid er som nemnt identifisering av risikofaktorar og tidleg intervensjon. Ein individuell samtale kan avdekke om det er grunn til bekymring, og eventuelt om andre instansar bør involverast. Temadagar med fokus på utvalte områder er ein god måte å drive rusførebyggjande arbeid på

(Hammerø, 2011). Hensikta er å nå ut til ungdom med kunnskap om aktuelle tema. Å appellere til unge sine interesser er eit viktig verkemiddel for at budskapet skal nå ut til målgruppa. Eit eksempel på ein temadag kan vere å ha ulike aktivitetar og innslag, før ein avsluttar med ein konsert (Hammerø, 2011). Ved å kombinere haldningsskapande arbeid med populære aktivitetar, kan ein auke sjansen for at ungdom møter opp og deltek. Temadagar kan også føre til at ein når ut til unge på både på universelt-, selektivt- og indikativt nivå.

### 3.2.3 Aktivitetar

I ein fritidsklubb vil det vere tilbod om ulike aktivitetar. Nokon er planlagde i forkant, som konsert eller temadag, medan andre er spontane, som matlaging, spele biljard eller å danse (Jacobsen, 2000). Deltakinga er frivillig, og det skal ikkje stillast krav til prestasjonar og ferdigheiter. Det er opp til kvar enkelt om ein ynskjer å delta i aktivitetane, vere sosial eller halde seg i bakgrunnen. Klubben vil likevel vere ein uformell læringsarena, der ein kan tileigne seg sosial kompetanse, handlingskompetanse og tekniske ferdigheiter (Hammerø, 2011). Målet med læringa vil ikkje vere forhåndsbestemt, men ein naturleg konsekvens av sosialt samvær og dyrking av egne interesser. Uformell læring kan gå føre seg på ulike måtar. Samvær med andre og danne nye relasjonar, kan styrkje den sosiale kompetansen hjå ungdom (Hammerø, 2011). I samvær med andre kan ein lære sosiale ferdigheiter som toleranse, ansvar, samarbeid og konfliktløysing (Jacobsen, 2000). Vidare kan det å oppdage meistring av aktivitetar og utvikling av nye ferdigheiter vere ei positiv erfaring. Fritidsklubben har ofte egne grupper der ungdom har ansvar for ulike områder, til dømes kioskgruppa eller diskogruppa. Å få ansvar i ei gruppe kan bidra til å styrkje ungdommen sin sjølvtilitt, og føre til auka mestringskjensle og status (Hammerø, 2011). Å ta val basert på gruppa sine interesser, kan også føre til auka handlingskompetanse og tru på egne ferdigheiter.

### 3.2.4 Utfordringar

Det er klare fordelar med fritidsklubbar som arena for rusførebygging. Det er ein rusfri møtestad der ein kan opphalde seg på fritida, uansett bakgrunn. Aktivitetstilbodet blir basert på ungdommen sine interesser, og er utan krav til prestasjonar, ferdigheitar eller karakterar. Med jamne mellom blir fritidsklubbar likevel utsett for kritikk frå ulike hald. Nokon klubbar har opplevd at medlemmer skapar problem som kan påverke klubben sitt omdøme. Det kan ha forbindelse med at ein høgare del av dei som nyttar fritidsklubben har erfaring med kriminelle handlingar, enn dei som blir involvert i andre fritidsaktivitetar (Øia, referert i Hammerø, 2011, s. 76). Av 347 klubbleiarar har 24,7% opplevd at nokon få skapar problem med hasj, medan 22,2% har opplevd at nokon få skapar problem med andre rusmiddel (Hammerø, 2009, s. 48).

Resultata viser at det kun er fåtalet av medlemmane i fritidsklubben som skapar problem grunna rusmiddel. Hammerø (2011) skriv at i slike tilfelle har ein moglegheita til å nå ut til ungdom i vanskar, og korleis ein møter dei i slike situasjonar vil vere viktig. Heile 83,9% opplyser at fritidsklubben har retningslinjer for korleis ein handterer problematisk åtferd (Klubbundersøkelesen 2008, 2008, s. 47). Det kan tyde på at tilsette ved klubben er bevisste på at slik åtferd kan førekomme, og at dei har gode rutinar for å handtere det og hindre utvikling.

## 4.0 Diskusjon

I diskusjonen drøftar ein funna ein har presentert, med hensikta om å belyse problemstillinga (Dalland, 2012). Eg vel å drøfte funna i to delar. Den fyrste delen handlar om risikofaktorar, medan den andre delen handlar om fritidsklubben si rusførebyggjande rolle. Inndelinga samsvarar med problemstillinga, som er definert slik:

*”Kva risikofaktorar kan føre til at ungdom eksperimenterer med narkotika, og korleis kan fritidsklubbar vere ein arena for førebyggjande arbeid?”*

### 4.1 Ungdom i risikosona – kven er dei?

Ved førebygging på selektivt- og indikativt nivå arbeider ein med ungdom som er i risikosona for eksperimentering, eller som allereie har debutert med rusmiddel. Kunnskap om risikofaktorar er ein føresetnad for identifisering og tidleg intervensjon, og kan belyse kven som er i risikosona. Fleire risikofaktorane kan bli vurdert som vanlege, og det vil truleg vere fleire årsaker til kvifor nokon byrjar med rusmiddel. For å belyse dette vil eg fyrst summere opp faktorane, og drøfte kva som kan bidra til at ein faktor er risikofylt. Deretter vil eg drøfte om mangelfull tilknytning i barndommen kan føre til auka påverknad frå risikofaktorar.

#### 4.1.1 Eigenskapar ved faktorane

Frisher et al. (2007) si forskning nemner ulike faktorar som kan føre til at unge eksperimenterer med narkotika. Personlege faktorar kan vere mannleg kjønn, emosjonelt misbruk, vald, positive haldningar til bruk av rusmiddel, og at ein assosierer narkotika med liten risiko, hedonisme, samt utfordrande åtferd som aggressivitet. Mellompersonlege faktorar kan vere eit negativt forhold til føresette, dårleg samhald i familien, å vere skilsmissebarn, mangelfull oppdraging, for sterk kontroll over ungdommen, eller foreldre som er positive til rusmiddel eller som sjølv nyttar det. Vener som brukar rusmiddel eller som er i trøbbel kan også utgjere

ein risiko. Faktorar i miljøet kan vere liten interesse for skulen, dårlege karakterar, dårleg aktivitetstilbod eller lett tilgjengelegheit på rusmiddel (Frisher et al., 2007).

Oppsummeringa viser at det er mange risikofaktorar, og fleire kan bli vurdert som vanlege. Det vil truleg vere eigenskapar ved dei ulike faktorane som påverkar i kva grad den er risikofylt, til dømes styrke og alvorlighetsgrad, antall, varigheit og konsekvensar. Dersom svake faktorar oppstår enkeltvis og i ein kort tidsperiode, kan det vere enklare for ungdommen å handtere dei. Å vere skulelei eller å ha eit utfordrande forhold til foreldra over ein kort periode kan gjelde mange unge, og blir ikkje nødvendigvis assosiert med risiko.

Konsekvensar som ein dårleg karakter eller ein krangel med foreldra, kan vere overkommeleg å handtere. På den andre sida kan nemnte faktorar vere alvorlege. Dersom det å vere skulelei utviklar seg til at ungdommen skulkar skulen eller sluttar, kan faktoren vere sterkare og såleis bli assosiert med større risiko. Oppstår fleire alvorlege faktorar samtidig kan belastinga kring ungdommen auke, og det kan vere vanskelegare å handtere dei ut frå dei ressursane ein har. Dersom ein allereie er utsett for risikofaktorar som dårleg sjølvbilete eller vener som brukar rusmiddel (Frisher et al., 2007), kan det tenkjast at nye risikofaktorar vil påverke ein meir enn i tilfelle der ein har sterke beskyttelsefaktorar rundt seg. Med andre ord kan grad av påverknad auke i takt med antall faktorar ein blir eksponert for, varigheit og styrke, samt konsekvensar dei kan medføre. Det kan forklare kvifor fleire kan vere utsett for same risikofaktor, men kun fåtalet blir negativt påverka.

#### 4.1.2 Mangelfull tilknytning

Ein av risikofaktorane i Frisher et al. (2007) si forskning omhandlar tidlegare hendingar i livet. Lie (2009) nyttar omgrepet *ungdom i høgrisikosona* om dei som av ulike årsaker er meir utsett for å byrje med rusmiddel. I oppveksten kan dei ha opplevd at grunnleggande behov enten har vore trua, dårleg dekt eller ikkje dekt. Den største risikoen er knytt til ungdom som har mangla trygge og nære primær-relasjonar, og konsekvensar kan vere at dei ikkje har opplevd nærheit og kjærleik (Lie, 2009). Dette kan sjåast i samanheng med utviklingspsykologi, der barnet si tilknytning til omsorgspersonar er sentral for å utvikle seg til eit trygt og sunt menneske. For å oppnå tilfredstillande tilknytning bør omsorgspersonar vere sensitive ovanfor barnet sine signal, vere fysisk- og psykisk tilgjengeleg, samt gje stabil og kontinuerleg omsorg (Bunkholdt, 2000). Tilknytning er ikkje enten-eller, men avhenger av situasjonen, samt grad og kvalitet ved tilknytninga som omsorgspersonar tilbyr. Barn som opplever omsorgspersonar som er sensitive for deira signal og handterer dei riktig, kan utvikle ein trygg tilknytning. Barn som

opplever forhold der omsorgspersonar av ulike årsakar ikkje responderer på deira signal, kan utvikle ein utrygg tilknyting (Bunkholdt, 2000).

Ainsworth si forskning på mor og barn i ulike situasjonar resulterte i trygg- og utrygg tilknyting, der utrygg blir klassifisert i engsteleg unnvikande og engsteleg ambivalent. Forskinga viste at barn med trygg tilknyting ofte hadde betre sjølvtilitt og gode relasjonar til personar i omgangskretsen. Dei tok initiativ, hadde god utholdenheit, var samarbeidsvillige og empatiske. Utrygge barn med engsteleg og unnvikande tilknyting hadde ofte låg sjølvtilitt, aggresjonsproblem og var isolerte. Dei opplevde mistillit til vaksne og seg sjølv, som påverka deira sosiale kompetanse. Utrygge barn med engsteleg og ambivalent tilknyting var ofte hjelpelause og impulsive (Bunkholdt, 2000). Dersom ein i ungdomstida allereie er utsatt for risikofaktorar som fylgje av utrygg tilknyting, kan ein vere meir sårbar ovanfor nye risikofaktorar. Erfaring med brotne, skadde eller øydelagde relasjonsband kan resultere i utfordringar knytt til tillit og relasjonar. For å meistre kontakt med andre på ein mindre smertefull måte, bruker svært mange rusmiddel (Vaglun & Lie, referert i Lie 2009, s. 295). Effekten av rusmiddel kan som nemnt føre til at ein opplever endra bevisstheit eller fysisk tilstand, som til dømes svikt i hukommelse og endra bevisstheit. Kjensla av rus kan føre til eit avbrekk frå kvardagen og dens utfordringar. Med andre ord kan rusmiddel vere ein måte å handtere kjensler ein har, og for å meistre sosialt samvær.

Frisher et al. si forskning, Lie sin omtale av *ungdom i høgrisikosona* og Ainsworth sin tilknytingsteori, belyser kven som kan ha auka risiko for eksperimentering med narkotika. Å anslå nøyaktig kvifor nokon byrjar med rusmiddel vil vere vanskeleg. Truleg vil ein kombinasjon av ulike faktorar påverke i kva grad ein er i risikosona, og korleis ein handterer å bli utsett for risikofaktorar. Summert opp kan grad av påverknad auke i takt med antall faktorar ein blir eksponert for, varigheit og styrkje. Utrygg tilknyting i oppveksten kan også påverke utviklinga negativt, og føre til at rusmiddel blir ein måte å handtere kjensler på. Funna resulterer ikkje i eit eintydig svar på kven som er i risikosona, men framhevar ulike faktorar som kan auke sjansen for at nokon byrjar med narkotika. Kunnskapen vil vere aktuell ved identifisering av risikofaktorar eller rusproblem. I neste del vil eg drøfte korleis fritidsklubben kan vere førebyggjande ovanfor ungdom på selektivt- og indikativt nivå, nærare bestemt ungdom i risikosona.

## 4.2 Korleis kan fritidsklubbar vere ein arena for førebyggjande arbeid?

Fritidsklubbar kan vere ein viktig stad for å møte ungdom og tidleg intervensjon. Eg vil drøfte korleis fritidsklubben kan vere ein arena for selektiv- og indikativ førebygging. Sentrale element er identifisering av risikofaktorar og tidleg intervensjon, styrkje beskyttelsefaktorar, og haldingsskapande arbeid. Målgruppa er unge som erfaringsmessig har auka risiko for utvikling av rusproblem, eller enkeltindivid der ein har observert risikofaktorar eller teikn på rusproblem.

### 4.2.1 Identifisering av risikofaktorar og tidleg intervensjon

I førebyggjande arbeid er det sentralt å gripe inn på eit tidleg tidspunkt for å hindre at problemet utviklar seg. Tidleg intervensjon består av å identifisere og handtere problemet på eit tidleg stadium, slik at det enten forsvinn eller blir redusert med begrensa innsats (Helsedirektoratet, 2010). I forhold til ungdom i risikosona kan tidleg intervensjon vere avgjerande for om problemet utviklar seg eller blir redusert. Fordelen med fritidsklubbar er at ein arbeider direkte med ungdom i deira miljø, og ein kan difor få eit innblikk i vedkommande sin situasjon. Ein føresetnad for tidleg intervensjon er at tilsette i klubben har kunnskap om risikofaktorar, og evna til å identifisere dei. Å ha eit rusproblem blir av mange assosiert med skam- og skuld kjensle, som kan føre til at terskelen for å ta opp temaet blir høg (Helsedirektoratet, 2010). I ein fritidsklubb vil rusførebygging vere ei sentral arbeidsoppgåve. Teikn på risikofaktorar vil truleg bli identifisert fort då det ikkje er assosiert med skam, men er ei av målsetjingane i arbeidet. Då unge i risikosona kan ha eit utfordrande forhold til skule eller føresette, kan det tenkjast at dei er meir mottakelege for hjelp frå tilsette ved fritidsklubben. Ein av informantane til Tyvold (2006, s. 52) sa fylgjande om miljøarbeidet si betydning for ungdom i Naustdal: ”Tror det har hatt positivt virkning egentlig. For det første så får man en voksen å forholde seg til som er på ungdommen sin side. En mellomperson som du kan stole på”. Utsegne stadfestar at tilsette kan vere viktige støttespelarar for ungdommen.

For å oppnå kontakt med ungdom i risikosona, er det ein føresetnad at dei oppsøkkjer fritidsklubben, og er open for å danne ein relasjon til dei tilsette. Negativ erfaring med relasjonar kan føre til at ein avviser hjelparen. Det krev tolmodigheit og ressursar for å utvikle ein trygg relasjon. I kva grad klubben kan fylgje opp enkelte og drive førebyggjande arbeid, kan bli påverka av personalressursar. I fylgje Klubbundersøkelsen 2008 (Hammerø, 2009, s. 29) har 60,6% av klubbane kun opp mot eit årsverk tilgjengeleg som blir fordelt på ulike stillingar, der 24,2% har inntil tre tilsette. Undersøkinga viser også at hovudgruppa som nyttar fritidsklubbar er mellom 11 og 18 år, og det er i gjennomsnittet over 80 besøkande per kveld

(Klubbundersøkinga 2008, 2008, s. 23). Identifisering av risikofaktorar kan difor vere ei utfordring, dersom det er få tilsette og mange besøkjande. På den andre sida er det fåtalet som eksperimenterer med rusmiddel, og risikofaktorar som haldning til rusmiddel og opprørskheit kan vere lettare å identifisere. Oppsummert vil eg vurdere fritidsklubben som ein god arena for identifisering av risikofaktorar og tidleg intervensjon, dersom forholda er tilrettelagt og dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om førebygging.

#### 4.2.2 Styrkje beskyttelsesfaktorar

Eit sentralt tiltak i det rusførebyggjande arbeidet er å styrkje beskyttelsefaktorar hjå ungdom, slik at ein reduserer den totale belastninga kring den enkelte (Helsedirektoratet, 2010). For å belyse fritidsklubben si rolle vil eg drøfte om beskyttelsefaktorar hjå individet og i nærmiljøet kan styrkjast ved å delta i klubben.

Helsedirektoratet (2010, s. 21) nemner fylgjande beskyttelsefaktorar hjå individet som sentrale: ”opplevelse av mening og sammenheng, kreativitet, hobbyer, framtidsoptimisme og godt selvbilde”. Personlege risikofaktorar som låg sjølvkjensle, hendingar i livet, anti-sosial oppførsel og utfordrande forhold til skule eller familie, kan bidra til at ungdommen har liten tru på seg sjølv og sine framtidsutsikter. Aktivitetstilbodet i fritidsklubben omfamnar alt frå dans og musikk, til drift av undergrupper. Fordelen med aktivitetane er at dei er frivillige og baserer seg på ungdommen sitt eige ynskje om å delta. Det er ein kontrast samanlikna med skulen der deltaking er obligatorisk, og ikkje nødvendigvis lystprega dersom ein mistrivast. Å integrere unge som føler dei har mislukkast på andre arenaer kan vere ei utfordring. Fylgjande sitat er frå eit intervju med ein tilsett i fritidsklubben, og er eit døme på korleis vellukka integrering kan føre til positive ringverknadar.

Vi hadde to gutter som gikk og ikke gjorde noe, hang bare rundt. De gjorde det dårlig på skolen. Så hadde vi kjøpt inn et svært bordtennis- bord, og jeg spurte om de kunne tenke seg å montere det bordet. Ja, de gikk nå med på det og klarte det bra. Etter det så var de mye mer med, og vi fikk i gang en dialog med dem. De fikk jo litt skryt fra noen av de andre. De var stolte av det de hadde gjort og fikk vist seg fram litt. Etter det så var begge veldig ivrige på å bli med på praktiske ting på klubben. Sånt så vi når vi hadde holdt på med oppussing. Faren hans var snekker. De la golv sjøl på klubben. Flere som aldri hadde vært med på å gjøre sånne praktiske ting blei med, og de blomstra opp og det ble lettere å få kontakt. De har vokst på at vi har gitt dem små ansvarsoppgaver (intervju 2007). (Vestel & Hydle, s. 87, 2009).



Utsegne bekreftar at deltaking på fritidsklubb kan styrkje beskyttelsefaktorar som hobby og kreativitet, som kan føre til utvikling på andre områder, til dømes betre sjølvbilete. Å bli kjent med nye aktivitetar eller å oppnå ansvar i ei undergruppe, kan vere ei positiv oppleving som kan auke mestringskjensla. I 35% av fritidsklubbane er det eigne program for unge som ynskjer å utvikle ferdigheiter, der halvparten av desse er kulturelle i form av instrument, teater og liknande (Hammerø, 2011, s. 30). Dette dannar grunnlag for at ungdom kan oppdage nye hobbyar, og vere kreative. Ein føresetnad for dette er at unge ynskjer å delta i ulike aktivitetar. Det er ikkje nødvendigvis slik at alle ynskjer å vere på fritidsklubben. Dersom klubben ikkje appellerer til ungdommen eller drifta er dårleg, kan det vere ein mindre attraktiv stad å opphalde seg. Tidlegare hendingar, som å bli avvist eller kjensla av å ikkje meistre noko, kan også vere eit hinder for å oppsøkje klubben. I nemnde tilfelle vil fritidsklubben si organisering og tilsette vere sentrale. For å appellere til unge er det naudsynt å endre aktivitetstilbodet etter deira interesser, og involvere dei i avgjersler. Korleis tilsette møter unge vil vere relevant for inntrykket ungdommen får av klubben, og sjansen for at vedkommande ynskjer oppsøkje klubben att.

I nærmiljøet nemner Helsedirektoratet (2010, s. 21) fylgjande beskyttelsefaktorar som sentrale; ”minst en betydningsfull voksen, prososiale venner, felles verdier, samfunnsstrukturer som støtter mestringsstrategier”. Ungdom i risikosona kan ha opplevd ulike risikofaktorar som mangelfulle eller vanskelege forhold til foreldra og skulen, blitt avvist, utrygg tilknytning til andre, redusert sosialt nettverk eller blitt stempla som vanskelege. Konsekvensar av dette kan vere dårleg sjølvbilete, liten tru på seg sjølv og utfordringar med tillit og nye relasjonar. Har ein dårlege erfaringar med relasjonar, kan det å stole på nye menneske vere ei utfordring. Det kan tenkjast at mistillit til andre kan vere eit hinder for å oppsøkje fritidsklubben. Då klubben er lokalisert ein fast stad, kan det vere utfordrande å nå ut til ungdom som av ulike årsakar kan vegre seg for å oppsøkje fritidsklubbar. På den andre sida kan tilsette i fritidsklubben vere av stor betydning, dersom dei oppnår ein god relasjon med ungdommen. I ein fritidsklubb vil det vere ein leiar og fleire tilsette som kan få betydning for medlemmane. I Klubbundersøkelsen 2008 (Hammerø, 2009, s. 44) blei tilsette spurde om dei opplevde at ungdom oppsøkte dei for å få hjelp med personlege problem. Av 355 respondentar hadde 47,0% opplevd det, 31% hadde opplevd det ganske ofte, medan 11,8% hadde opplevd det ofte. Resultata kan tyde på at ungdom opplever relasjonen til vaksne i klubben som så tilfredstillande at dei torer å oppsøkje dei for rådgjeving. Ein av informantane i Tyvold (2006, s 51) si forskning uttalte seg om forholdet til miljøarbeidaren på fritidsklubben:

”Han var grei å prate med. Han kan snakke med ungdom uten å være moraliserende, samtidig som han tar deg på alvor. Tror faktisk det har noe med respekt å gjøre”. Å forholde seg til vaksne som verken er lærarar, føresette eller andre med myndigheit kan opplevast som å starte med ”blanke ark” (Hammerø, 2009). Med andre ord kan deltaking på fritidsklubben bidra til at unge dannar nye relasjonar, og opplever at vaksne kan vere trygge og betydingsfulle.

Å tilby ungdom ein møteplass, uavhengig av bakgrunn, karakterar og prestasjonar, kan vere ein pause frå kvardagen. Som nemnt kan ei av utfordringane ungdom står ovanfor vere korleis ein skal forholde seg til rusmiddel. Ein grunnleggande verdi i fritidsklubben er at det skal vere ein rusfri stad. Klubben sin nulltoleranse for rusmiddel kan bidra til å redusere presset kring narkotika. Likevel viser funn frå Klubbundersøkelsen 2008 (Hammerø, 2009, s. 48) at nokon nyttar rusmiddel, medan dei oppheld seg på fritidsklubben. Det stridar mot det rusfrie konseptet til klubben. Det positive er at spørjeundersøkinga viser at det kun er fåtalet av klubbane som har erfaring med at ungdom nyttar rusmiddel, og av desse er det kun få ungdom som skapar problem. I stadenfor rusmiddel, er sjølvvalte aktivitetar og sosialt samvær vektlagt. Ved å fjerne fokuset frå rusmiddel, kan ein bli kjent med nye vener der ein har andre felles verdiar som grunnlag. Dette føreset at ungdommen er opne for å bli kjent med kvarandre. Deltaking på aktivitetar kan auke både sjølvtilitt og mestringskjensle, som kan tyde på at fritidsklubben har ein struktur som støttar mestringsstrategiar.

#### 4.2.3 Haldningsskapande arbeid

Rusførebygging på universelt-, selektivt- og indikativt nivå kan bestå av haldningsskapande tiltak. I undersøkinga til Fækjer og Pape (2004) blei det bekrefta at ungdom trur andre nyttar narkotika i større grad enn kva som er reelt. Konsekvensen kan vere eit fiktiv gruppepress som kan føre til at nokon vel å prøve rusmiddel. Demant og Ravn (2010) si undersøking viser også at manglande kunnskap om rusmiddel kan senke terskelen for eksperimentering. Ei målsetjing i haldningsskapande arbeid er å påverke befolkninga si oppfatning om narkotika, ved å informere om konsekvensar ved rusmiddelbruk. Basert på undersøkinga til Fækjer og Pape (2004), samt Demant og Ravn (2010), er det grunn til å anta at det er varierende kunnskap om narkotika blant ungdom. Likevel viser forskning at haldningsskapande arbeid har liten effekt åleine, men kan vere eit supplement til andre tiltak (Helsedirektoratet, 2011). Det kan tenkjast at utforminga på tiltaket kan avgjere om budskapet påverkar ungdommen. Eit av dei populære tiltaka i fritidsklubben er temadagar der ein fokuserer på eit aktuelt tema. Ved å appellere til unge sine interesser kan ein auke sjansen for at budskapet når fram. Ovanfor

ungdom på selektivt- og indikativt nivå, kan det tenkjast at kunnskap om konsekvensar kan endre deira oppfatning av rusmiddel.

#### 4.2.4 Utfordringar og moglegheiter

I kva grad fritidsklubben fungerer som rusførebyggjande arena, kan drøftast frå ulike sider. Forsking og undersøkingar viser at ungdom oppsøker klubben, mange stoler på dei tilsette, og aktivitetar kan leggje til rette for positivt utvikling som auka sjølvtilit og mestringskjensle. For tilsette kan samkvem med ungdom i deira miljø, bidra til at ein kan identifisere risikofaktorar på eit tidleg stadium. Fritidsklubbar kan vise til positive resultat, men for å oppnå dette er det ein føresetnad at unge i risikosona ynskjer å opphalde seg på der. Ei utfordring kan vere å integrere ungdom som allereie har byrja å eksperimentere med rusmiddel, då dei kan høyre til andre miljø eller nyttar rusmiddel på fritidsklubben. Dersom klubben ikkje klarar å hindre at ungdom nyttar rusmiddel under opphaldet, kan det true deira omdømme og formål. For å handtere dette vil klubben sin nulltoleranse for rusmiddel vere sentral, men det krev også gode retningslinjer for korleis ein møter slik åtferd. Slike tilfelle kan vere krevjande, samstundes kan det også vere ein moglegheit til å nå ut til ungdom i risikosona. For å integrere unge som har opplevd å falle utanfor på andre arenaer, er det vesentleg at klubben blir oppfatta som ein attraktiv stad å opphalde seg. Med andre ord er det ulike tilhøve som påverkar i kva grad fritidsklubben er eigna som ein stad for rusførebygging. Med utgangspunkt i data som er presentert, vil eg vurdere fritidsklubben som ein god arena for rusførebygging, men det avhenger av at klubben appellere til ungdom, tilsette har god kunnskap om rusførebygging, samt tilstrekkeleg med ressursar i forhold til antall medlemmer.

## 5.0 Avslutning

I denne bacheloroppgåva har eg undersøkt kva risikofaktorar som kan føre til at ungdom byrjar å eksperimentere med narkotika, og korleis fritidsklubbar kan vere ein arena for rusførebyggjande arbeid. Eg har gjort greie for personlege-, mellompersonlege- og strukturelle risikofaktorar. Fleire av faktorane kan bli vurdert som vanlege, men det er likevel fåtalet som byrjar å eksperimentere med rusmiddel. I kva grad ein blir påverka vil truleg avhenge av fleire forhold. Eigenskapar ved faktorane som antall, alvorlighetsgrad, styrkje og varigheit, kan påverke om den blir vurdert som risikabel. Mangelfull tilknytning i barndommen kan også føre til at ungdommen i utgangspunktet er i ein sårbar posisjon, og kan byrje med rusmiddel for å handtere kjenslene sine. Eg har også gjort greie for kva ein fritidsklubb er, kva rusførebyggjande tiltak dei nyttar, aktivitetar dei kan tilby og ulike utfordringar. Sentrale funn

viste at det kan vere ein attraktiv stad for unge, dersom forholda er tilrettelagt og dei har eit godt aktivitetstilbod. Sentrale oppgåver innan førebygging er å identifisere risikofaktorar og tidleg intervensjon, styrkje beskyttelsesfaktorar og haldningsskapande arbeid. Fritidsklubben kan vere ein god arena for førebygging då ein blir kjent med ulike typar ungdom. Ved å danne ein relasjon kan ein få eit innblikk i den enkelte sin situasjon, som kan avdekke om det er grunn til bekymring. I kva grad ein meistrar å nå ut til ungdom i risikosona kan variere, då det er avhengig av at dei ynskjer å oppsøkje klubben. Her vil det vere vesentleg korleis tilsette møter ungdommen, slik at dei får eit godt inntrykk av klubben. Aktivitetar som appellere til unge vil også vere sentralt, og deltaking kan bidra til å styrkje beskyttelsesfaktorar hjå ungdom som sjølvtilit, mestringskjensle og handlingskompetanse. Konklusjonen min er at det truleg ikkje er eit eintydig svar på kven som byrjar med narkotika, då det kan avhenge av eigenskapar ved faktorane og hjå individet. Kunnskap om risikofaktorar er likevel sentralt då det kan bidra til tidleg identifisering av rusbruk, som kan hindre utvikling eller redusere problemet. Eg vil vurdere fritidsklubben si rolle i det rusførebyggjande arbeidet som god, då ein kan nå ut til ulike typar ungdom, og samstundes vere ein arena for sentrale førebyggjande oppgåver.

## 6.0 Litteraturliste

Aubert, V. (1985). *Det skjulte samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.

Bunkholdt, V. (2000). *Utviklingspsykologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Demant, J. & Ravn, S. (2010). Identifying drug risk perceptions in Danish youths: Ranking exercises in focus groups. *Drugs: education, prevention and policy*, 17(5), 528 – 543.

Henta frå <http://informahealthcare.com/toc/dep/17/5>

Frischer, M., Crome, I., Macleod, J., Bloor, R. & Hickman, M. (2007). *Predictive factors for illicit drug use among young people: a literature review* (Home Office Online Report 05/07).

Henta frå <http://prb.sagepub.com/content/54/3/278>

Fækjer, S. & Pape, H. (2004). Når ”alle” doper seg: Feilaktige forestillinger om narkotikabruk blant ungdom. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 4(2), 21-32. Henta frå

<http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjoner/Tidsskrift-for-ungdomsforskning/2004>

Hammerø, A. M. A. (2011). *Fritidsklubbenes rusforebyggende arbeid*.

(Mastergradsavhandling, Høgskolen i Lillehammer). A. M. A. Hammerø, Lillehammer.

Hammerø, A. M. A. (2009). *Klubbundersøkelsen 2008*. Oslo: Ungdom & Fritid.

Helsedirektoratet. (2011). *Forebygging og tidlig intervensjon*. Henta 30. 10. 2014, frå

<http://helsedirektoratet.no/psykisk-helse-og-rus/rusmiddelarbeid-i-kommunen/forebygging-og-tidlig-hjelp/Sider/default.aspx>

Helsedirektoratet. (2010). *Fra bekymring til handling: En veileder om tidlig intervensjon på rusområdet*. Oslo: Helsedirektoratet.

- Jacobsen, H. (2000). *Ungdomsarbeideren: om kultur og metode i fritidsklubber*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Lie, G. T. (2009). Ungdom i høyrisikozonen: Hva er det med dem og hvordan kan vi nå dem?. I L. E. Aarø (Red.), *Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid* (s. 291 – 304). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Mørland, J. (2014). Rus. I *Store Medisinske leksikon*. Henta frå <https://sml.snl.no/rus>
- Rossow, I. & Klepp, K. I. (2009). Rusmiddelforebyggende arbeid. I L. E. Aarø (Red.), *Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid* (s. 166 – 181). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Statens institutt for rusmiddelforskning. (2008). *Brukt forskjellige stoffer, prosent og totalt, Norge*. Henta frå <http://statistikk.sirus.no/sirus/>
- Store Norske Leksikon. (2005 – 2007). Fritidsklubb. *Store Norske Leksikon*. Henta frå <https://www.snl.no/fritidsklubb>
- Støren, I. (2010). *Bare søk! Praktisk veiledning i å systematisere kunnskap*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Tyvold, E. B. H. (2006). *Kommunalt miljøarbeid som forebygging mot destruktiv adferd, kriminalitet og rus: Hva har ungdomsklubben Rampen og miljøarbeidet betydd for ungdom i Naustdal?*. (Mastergradsavhandling, Universitetet i Oslo). E. B. H. Tyvold, Oslo.
- Ungdom og Fritid. (s.a.). *Om oss*. Henta 13.11.2014 frå <http://www.ungogfri.no/Om+oss.9UFRfK4N.ips>

Vestel, V. & Hydle, I. (2009). *Fritidsklubb – kvalifisering og rusforebygging?* (NOVA Rapport 15/2009). Henta frå <http://www.hioa.no/About-HiOA/Centre-for-Welfare-and-Labour-Research/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2009/Fritidsklubb-kvalifisering-og-rusforebygging>

Waal, H. (2014). Narkotika. I *Store Norske Leksikon*. Henta frå <https://snl.no/narkotika>

Øia, T. & Fuske, H. (2010). *Oppvekst i Norge*. Oslo: Abstrakt forlag AS.